



Frå fjorårets Solfjelløp(Foto: Ola Matti Mathisen)

Søndag er det klart for det femte Solfjelløpet. Arrangørane i Uskedal idrettslag melder at alt er under kontroll før løpet. Løpet startar på Haugland(34 moh) og løypa går opp skogavegen til Ståle Eik m.fl. og vidare til toppen av Solfjell(892 moh). Det er mulig å delta i ulike variantar: konkurranseklasse, trim-/familieklasse og Mini-Solfjell.

Dei som deltar i familie-/trim-klassen startar mellom klokka 10 og 12 frå Haugland. Startskotet i konkurranseklassen går frå same plass kl.12.00. Samtidig er det start på Mini-Solfjell som går frå Storhaug.Dei som deltar i familie-/trimklassen kan delta i natursti med innlagt quiz. Det vert premiering etter tid i konkurranseklassane medan det i tillegg vert trekt ut premie på startnummer.

Alle deltakarane som fullfører, får deltakarmerke. For dei som har delteke 4 ganger før, vankar det 5-årsmedalje.

Det er både førehandspåmelding og mulighet for påmelding ved start. Dersom ein melder seg på på førehand, får ein 50kr i rabatt på påmeldingsavgifta. Om dette og anna finn du viktige opplysningar på Uskedal il si [heimeside](#).

Uskedalen.no ønskjer alle ei flott turoppleving.

Tekst: Thor Inge Døssland